

# VÅTMARKENE ER TRUA!

I fleire tusen år har menneske dyrka myrer og tappa ut innsjøar for å produsere mat. Særleg dei siste 100 åra har auka folkesetnad og industrialisering ført til store tap av klodens våtmarker.



Våtmarker blir ofte brukt til deponering av overskuddsmassar.



Grunne sjøområde er viktige beiteområder for vassfuglar.



Myrane på Jæren er brua av nydyrking.



Hornborgasjön i Sverige er Ramsar-område og eit svært populært turistmål.

Myrer, deltaer, sumpområde, innsjøar og grunne sjøområde høyrer til dei mest artsrike naturtypene vi har. Forsvinn våtmarkene mister vi også plantane og dyra som berre lever i desse områda. Dessutan er våtmarkene viktige som vannreservoar.

Omlag halvparten av verdas våtmarker er heilt eller delvis øydelagt sidan den industrielle revolusjon starta rundt 1850. Noreg og Jæren er ikkje unntak i så måte. Byvekst og effektivisering av jordbruket har gjort at fleire av dei mest produktive våtmarkene no er ein utryddingstrua naturtype.

I 1971 vart den første globale avtalen om vern av verdas våtmarker underteikna i den iranske byen Ramsar. Avtalen som har fått namnet Ramsar – konvensjonen er

underteikna av Noreg og 159 andre land. I Noreg og Svalbard har 37 våtmarker Ramsar-status og er verna etter naturmangfaldloven.



CONVENTION ON WETLANDS  
(Ramsar, Iran, 1971)

Jæren våtmarkssystem har internasjonal vernestatus og består av 22 innsjøar, myrer og gruntvassområde. Dei verna våtmarkene på Jæren finn du mellom Randaberg kommune i nord og Hå kommune i sør.

## Visste du at...

... ferskvatn er levestad til meir enn 30 prosent av verdas kjende artar?  
... ca tre prosent av jordas overflate består av våtmarker?  
... vipe, storspove, songlerke og solblom står oppført på den nasjonale raudlista over trua artar?

1

